

Søndag vert det ei skikkeleg flott konsertoppleving i Uskedalen!

20.03.2019



Det blir ein veldig flott konsert i kyrkja på søndag!

Det ligg an til ei særdeles flott musikkstund når Kirill Zimin, Yuko Shuto og Dmitrii Kuzmin held konsert saman med to svært unge, men musikalske gjester, i Uskedal kyrkje komande søndagskveld. Etter å ha fått med meg glimt frå øvingane, kan eg lova topp innslag både frå dei tre profesjonelle muskarane og frå dei to usedvanleg flinke og sjarmerande barna.



[Yuko Shuto og Kirill Zimin øver til konserten der dei presenterer eit nytt og flott program.](#)

Kvinnherad kulturskule har mange flinke musikarar i staben sin, og svært mange av dei har internasjonal bakgrunn. Tre av dei som har kome til dei siste åra, er rektor, klarinettist og saxofonist Kirill Zimin, pianisten Yuko Shuto og tubaisten Dmitrii Kuzmin. Dei er alle klassemusikarar som kan sjå tilbake på mange store opplevingar.

Kirill Zimin er ein meister på saxofonar og klarinettar. Han har allereie markert seg i det kvinnherse musikkliv, m.a. i det store Pink Floyd-prosjektet nyleg, og sist helg på jazzkonserten på Husnes i samarbeid med m.a. Husnes musikklag. Han har også opptredd i Uskedal kyrkje ein gong tidlegare. At Kirill er klassemusikar, vert understreka av det faktum at han etter 15 år i Norge, vert henta heim til St. Petersburg for å vera solist på store konsertar. Han lovar ein spennande konsert som musikarane har sett saman spesielt for denne anledningen. Det vert stor breidde i programmet frå flotte klassiske stykke til musikk som nærmar seg jazzsjangeren.

Yuko Shuto kom til Kvinnherad sist haust då ho byrja som pianolærer i kulturskulen. Ho har solid musikkutdanning frå både heimlandet Japan, Griegakademiet i Bergen og Musikkhøgskulen i Oslo. Etter berre eit godt halvår er mange musikkelskande kvinnheringar blitt svært glade i denne solstråla av ein japansk pianist. På den store pianokonserten i Valen kyrkje nyleg var Yuko Shuto svært sentral og trollbatt publikum med vakre musikkstykke. No er vi så heldige å få oppleva ho i Uskedalen. Neste månad skal ho ein tur heim til Japan, og der skal ho halde konsert saman med to andre musikarar.

Tredjemann, Dmitrii Kuzmin, er tubaist og har berre jobba i kulturskulen sidan nyttår. Også han har svært så solid utøvarbakgrunn og utdanning. Han har jobba som tubaist i symfoniorkesteret Musica Aeterna i Perm i Russland. Dessutan har han brei internasjonal erfaring som utøvande muskar m.a. frå studietida i Tyskland og frå han jobba meir enn fem år i Storbritannia. Han har også dirigert ulike store orkester. Konserten i Uskedalen vert den første offisielle solistopptreden hans i Kvinnherad. Dette vert spennande, for han er opplagt ein klasseutøvar på instrumentet sitt.

Det er eit stort pluss for musikklivet i Kvinnherad at kulturskulen hentar inn lærarar som også er på så høgt nivå som utøvande musikarar.





Dei flinke søskena Artur og Avrora kjem heilt sikkert sjarmere publikum, usedvanleg flinke som dei er.

Med tre så dyktige musikarar burde den store, gode opplevinga vera sikra. Det er ho òg!! Likevel kan kanskje det to gjestene bli rosina i pølsa. 7 år gamle Artur Zimin debuterte på bekken i skulekorpsuniform i 17.mai-tog i Åndalsnes 3 år gammal. No har han allereie lagt mykje øving bak seg på trommesettet, og han skal spele trommer på to av låtane saman med dei andre musikarane. Søstera Avrora Zimina er berre 5 år og ho gler seg veldig til å syngja på konserten. Og det er ikkje nokon vanleg barnesong ho skal syngja. For første gong skal ho framføra den kjende amerikanske tradjazzlåten «All of me» på konsert. Det vil heilt sikkert svinga godt! Artur og Avrora vert ekstra krydder i ein allereie særers velsmakande rett!

Konserten er lagt til kl.18 slik at også interesserte barn skal kunna få denne fine opplevinga. Som vanleg er det

ikkje inngangsbillett ved konsertane i Uskedal kyrkje, men det vert høve til å gi gåve ved utgang.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat og Thor Inge Døssland